



DET KONGELEGE  
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Sjå adresseliste

Dykkar ref

Vår ref  
201000067- /IV

Dato

**Høyring – endring i lov av 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) § 22**

**1. Innleiing**

I dette høyringsbrevet foreslår departementet ei endring i lov av 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) § 22. Føresegna gjeld sports- og rekreasjonsfisket og inneheld blant anna generelle avgrensingar i kva reiskapar ein kan hauste med frå ikkje-merkeregistrerte fartøy. Departementet foreslår å ta inn ein heimel i føresegna som gjer det mogleg å gi dispensasjon frå dei generelle reiskapsavgrensingane i særskilte tilfelle.

**2. Bakgrunn**

Fiskeri- og kystdepartementet har eit ansvar for å ivareta og byggje opp fiskerikulturen vår. Dette er gjort tydeleg i regjeringa sin handlingsplan for kystkultur, som er eit samarbeid mellom Fiskeri- og kystdepartementet, Kulturdepartementet og Miljøverndepartementet med underliggjande direktorat. Det følgjer av handlingsplanen at han skal:

- *Bidra til at kystkulturen i sterkere grad blir verdsatt som en sosial, kulturell og miljømessig og økonomisk ressurs*
- *Samordne sektorenes virkemidler for forvaltning, vern og bruk, formidling og dokumentasjon av kystkulturen og arbeide frem konkrete prosjekter og samarbeidstiltak.*

Fiskeri- og kystdepartementet ønskjer å medvirke til å bevare kulturverdiar på land og

sjø som er typiske for tidsepokar, geografiske område og drifts- og produksjonsformar i fiskeri- og kystnæringa. Både gjennom statleg og lokal aktivitet er det ønskjeleg at næringa og kystkulturen si utvikling og historie blir dokumentert for no- og ettertida.

### 3. Nærare om endringsforslaget

Etter gjeldande reglar om sports- og rekreasjonsfiske, jf. havressurslova § 22, kan ikkje-merkeregistrerte fartøy berre hauste med følgjande reiskapar:

- handsnøre, fiskestong eller liknande handreiskapar,
- éi maskindriven jukse eller dorg,
- garn med ei samla lengd på inntil 210 meter,
- liner med inntil 300 onglar eller
- inntil 20 teiner eller ruser.

Dette betyr at museum, foreiningar, stiftingar og liknande som ønskjer å tilby turistar og andre gjestar opplevingsturar som viser dei tradisjonane og den kulturen vi har innan fiske, i dag ikkje kan nytte for eksempel trål, snurrevad eller not som ein del av dette tilbodet.

Avgrensinga av typar og mengd fiskereiskapar for ikkje-manntalsførde fiskarar kom inn i den tidlegare saltvannsfiskeloven av 3. juni 1983 ved ei lovendring i 1997. Bakgrunnen for reiskapsavgrensingane var eit ønskje om å balansere den allmenne retten til å hauste av ressursane i havet, særleg med tanke på matauk og trivsel, opp mot omsynet til å verne yrkesutøvarane sitt grunnlag for å drive yrket.

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår å ta inn ein heimel i havressurslova § 22 som gjer det mogleg å gi dispensasjon frå dei generelle reiskapsavgrensingane i føresegna. Dette medfører at det i særskilte tilfelle kan nyttast reiskapar som trål, not og snurrevad ved fiske frå ikkje-merkeregistrerte fartøy. Høvet til å gi dispensasjon skal berre gjelde i dei tilfella der slike reiskapar skal nyttast for å fremje og ivareta kystkultur. Ein føresetnad er at det vert ført ein streng praksis med kven som skal få slik dispensasjon.

For det første bør dispensasjon berre verte gitt til museum, foreiningar, stiftingar og liknande som har som særskilt formål å fremje og ivareta kystkultur. Dette bør gå fram av vedtektene til den som søker om dispensasjon. Dette forslaget må difor sjåast i samanheng med høyringa frå departementet 29. juni 2011 om fiske med verna fiskefartøy.

Vidare bør dispensasjon berre verte gitt i "særskilte tilfelle". Med dette meiner departementet at det i søknaden må gå fram at fiske med den omsøkte reiskapen er ein del av eit større tilbod som skal bidra til å gi turisten/gjesten ei oppleving av den kulturen og tradisjonen som finst på staden. Til dømes kan eit slikt tilbod vere at turistane ikkje berre er med for å sjå korleis tradisjonell fjordtråling etter reke har gått føre seg, men at dei på turen også får sjå korleis fangsten vert rapportert, lære korleis

dei skal handtere fisken eller dei får vere med å førebu eit måltid av den fangsten dei har fått. Tilbodet skal såleis gi turisten/gjesten ei heilskapleg oppleving, ikkje ein fisketur der målet er å få mest mogleg fisk.

Dispensasjon bør berre verte gitt dersom fiske med den omsøkte reiskapen er "nødvendig" for å fremje kystkulturformål. Med dette meiner departementet det ikkje skal verte gitt dispensasjon dersom det er mogleg å nytte ein av dei opplista reiskapane i havressurslova § 22 i den typen fiske som er tiltenkt. Eit døme på eit fiske der det vil vere nødvendig med dispensasjon frå dei generelle reiskapsavgrensingane kan vere nettopp tråling etter reker.

#### **4. Administrative og økonomiske konsekvensar**

Ei lovendring som foreslått vil medføre noko meir administrasjon for forvaltninga ved behandling av søknader om dispensasjon. Utover dette vil ei lovendring ikkje medføre særlege administrative eller økonomiske konsekvensar.

#### **5. Forslag til lovendring**

I lov av 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) vert det gjort følgjande endring:

§ 22 skal lyde:

##### **§ 22 Sports- og rekreasjonsfiske**

Når det vert hausta med fartøy som ikkje er merkeregistrerte eller fiska frå land, kan det ikkje nyttast andre reiskapar enn

- a) handsnøre, fiskestong og liknande handreiskapar
- b) éi maskindriven jukse eller dorg
- c) garn med samla lengd på inntil 210 meter
- d) liner med inntil 300 onglar
- e) inntil 20 teiner eller ruser.

Desse reiskapsavgrensingane gjeld også når same person eller dei same personane nyttar fleire fartøy.

Departementet kan i forskrift gjere unntak frå føresegnene i første ledd for bruk av landnot. *Departementet kan også gjere unntak frå føresegnene i første ledd i særskilte tilfelle der det er nødvendig for å fremje kystkulturformål.*

Departementet kan i forskrift fastsetje kvantumsavgrensingar, strengare reiskapsavgrensingar eller forbod mot hausting i nærare bestemte område når det er nødvendig av omsyn til ressursforvaltninga.

For den som ikkje er norsk statsborgar eller likestilt med norsk statsborgar i medhald av lov 17. juni 1966 nr. 19 om forbud mot at utlendinger driver fiske m.v. i Norges territorialfarvann (fiskeriforbudsloven) § 2, gjeld den strengare reiskapsavgrensinga i fiskeriforbudsloven § 3.

Departementet kan i forskrift påleggje eit utval av personar som driv sports- og rekreasjonsfiske, å gje opplysningar til styresmaktene om haustinga for statistikkformål. Tilsvarande pålegg kan også rettast mot den som eig eller driv anlegg eller verksemd som slik hausting vert driven frå.

Dei andre føresegnene i eller fastsette i medhald av lova gjeld så langt dei høver.

Høyringsfristen vert sett til **fredag 18. november 2011**.

Med helsing

Vidar Landmark  
ekspedisjonssjef

Christian Wormstrand  
fung. avdelingsdirektør